

# Interpellasjon Nr.1 21.juni 2018

## Ordførar

I ti år har dei same fire-fem unge gutane samlast i musikkgjengen kvar måndag.

Musikkgjengen er ein del av aktivitetsbasert avlasting i Lindås kommune.

Musikkgjengen har fleire føremål: Det er eit avlastingstilbod for foreldre, eit tilrettelagd kulturtilbod til dei unge og ein fritidsarena for sosial fellesskap og vennskap mellom dei unge.

## Litt om lovverket som ligg til grunn for musikkgjengen

Heimel for musikkgjengen finn me både i helse- og omsorgstenestelova, i pasient- og brukarrettslova, og i kulturlova. Avlasting er ein kompensasjon for det meir arbeidet det inneber å ha barn og unge i familien som krev meir enn det som er ei «normal omsorgsbyrde». Kriteritet for å få avlastning er «særleg tyngjande omsorgsarbeid» og tildeling av tenesta er basert på fagleg skjønn jfr. retningsliner for omsorgslønn, 1-42 (1998). Avlasting skal hindre utmatting hjå omsorgsgjevar og gje dei pårørande naudsynt og regelmessig ferie og fritid. Omfanget av hjelp skal vera på eit forsvarleg nivå (Sosialdepartementet 1992). Kommunen har etter Helse og omsorgstenestelova § 4-1, plikt til å tilby forsvarlege helse- og omsorgstenester. Tenesta er basert på fagleg skjønn jfr. retningsliner for omsorgslønn, 1-42 (1998). Sjølv om kommunen kan velja hjelpeform, har brukar i følgje Pasient og brukarrettslova § 3-1, rett til å medverka ved gjennomføring av helse- og omsorgstenester. Tenestetilbodet skal etter lova så langt som råd er, utformast i samarbeid med den einskilde. I avlasting er både foreldre som får avlasting, og den unge som er på avlasting, brukarar og begge, ha rett til å delta i utforming av eige tenestetilbod.

Kulturlova har til føremål, jfr § 1, å fastleggja offentlege styresmakters ansvar for å fremja og leggja til rette for eit breitt spekter av kulturverksemrd, slik at alle kan få høve til å delta i kulturaktivitetar og oppleva eit mangfold av kulturuttrykk. Med andre ord har kommunen plikt til å syta for at alle kan delta i kulturaktivitetar. Det gjeld også personer med nedsett funksjonsevne.

Til saman utgjer dette grunnlaget for musikkgjengen, som er eit unikt samarbeid mellom eining for funksjonshemma og kulturskulen i Lindås. Kulturskulen stiller med musikkterapeut, medan eining for funksjonshemma syter for tilrettelegging og miljøarbeidar.

## Innhaldet i musikkgjengen

Musikkgjengen er utforma etter dei unge gutar og foreldras behov. Tilbodet som utgjer 3,5 time kvar måndag inneheldt følgjande: Dei unge vert henta heime, på skule eller i tilrettelagd arbeid og køyrt til lokala til kulturskulen på Ostereidet. Her vert det song, gitarspel, leik, kvelds og bandøving, før dei unge vert køyrt heimatt. Foreldre opplever måndagane som gode stunder der dei unge kjem heimatt glade og nøgde etter ei god fritidsoppleveling.

Musikkterapeutiske prinsipp vert nytta for å utvikla samspel, turtaking og sosial kompetanse. Musikkgjengen har vore brubyggjar til ordinært kulturliv og at dei unge har fått eit ordinært kulturskuletilbod. Utan denne brubygginga og samspelet mellom musikkterapeut og kulturskulelærar om den enkelte, hadde det ikkje vore mogeleg å få til.

Foreldra og familie har vore invitert på musikkgjengen sine konserter og desse er i særklasse og må berre opplevast.

## Idegrunnlaget og nasjonal merksemrd

Aktivitetsbasert avlasting, musikkgjengen inkludert, er tufta på god kartlegging, eit ressursperspektiv, eit innhald med ekte fritid for dei unge, på fellesskap og skreddarsaum og tilpassing for den enkelte unge og deira familie. I tillegg til dette, er avlasting for barn og unge også ein viktig arena for inkludering, mangfald og god fritid.

Eg er kjend med at aktivitetsbasert avlasting har fått stor merksemrd på nasjonalt nivå, og stor merksemrd av Helsedirektoratet. Aktivitetsbasert avlasting og musikkgjengen har vore presentert på nasjonale konferansar, og i Helsedirektoratet sine hefter for gode tenester. Denne måten å organisera avlasting på har spreidd seg til andre kommunar. I dag har fem andre kommunar som Sandnes, Osterøy, Stjørdal, Bergen og Bydel Gamle Oslo lært av Lindås og etablert liknande avlastingsmodell. Aktivitetsbasert avlasting har vore bevisst på at ekte fritid skal vere det viktigaste innhaldet. Ekte fritid krev at kommunen gjev god kvalitet. Unge med nedsett funksjonsevne treng, slik som alle unge, fritid prega av flyt og gode

opplevelingar i fellesskap med andre. Dei treng å oppleva spenning, samhald, risiko, humor og fellesskap

## Kva kjenneteiknar dei unge i musikkgjengen

Dei unge som er med i musikkgjengen, har få om nokon andre avlastingstilbod, kultur eller fritidstilbod. Dei er avhengig av tilrettelegging for å fungere sosialt og på fritidsarenaen – og oppfyller lovens krav for å ha rett på tenester etter helse- og omsorgsteneste lova.

Musikkgjengen og støttekontakt har for nokre av dei vore det einaste tilboden dei har hatt, medan avlasting på døgnbasis lett kunne ha vore alternativet. Døgntilbod er ein langt meir kostnadskrevjande tilbod, enn eit tre og ein halvtimes opplegg i musikkgjengen kvar veke.

## Korleis opplever dei unge musikkgjengen

Desse unge ropar ikkje høgt om det dei har eller får, og er ikkje ei pressgruppe som ringjer sine folkevalde for å seie si meining. Desse tre døma kan teikna ei bilet av kva musikkgjengen betyr for dei.

- *Den unge la oss kalla han Per, vaknar om morgenon og spør mor « Kva for dag er det i dag? ». Mor svara « Det er måndag». Per seier « Det er måndag, det er min dag i dag, det er musikkgjengen».*
- *«Ole» kjem til musikkgjengen etter summarferien og seier « Eg har savnet dokkar i hele sommar».*
- *Ei anna mor seier at musikkgjengen er sjølve livet for guten sin, og ho skjønar ikkje korleis det skal vera mogeleg å finne noko anna alternativ som er like godt for han som den.*

Slike tilbakemeldingar har gjort at fagfolk knytt til musikkgjengen har sagt at når og om desse unge flyttar i bufellesskap så må dei framleis kunne ha eit tilbod i musikkgjengen - fordi tilboden betyr så mykje for dei det gjeldt. Tilboden kan då lovheimlast som støttekontaktilbod (i gruppe), som også er ei lovpålagt teneste. Støttekontakt skal bidra til ei meiningsfull fritid. Det er nett meiningsfull fritid musikkgjengen er for desse unge. Med ei slik ordning kan dei på lik line med andre betale eigendel i kulturskulen, men altså motta hjelp i form av tilrettelegging av fritida via musikkgjengen.

Ordførar, det er krevjande å byggje opp tilbod som er så gode som musikkgjengen i Lindås, men lett å leggje dei ned. Det vert eit stort tap for Lindås sine unge funksjonshemma om dette tilbodet forsvinn. Det må vere råd å supplere musikkgjengen med nye medlemmer om nokon står i kø for å få eit tilbod. Dette tilbodet har me som kommune ikkje råd å miste.

Mine spørsmål er:

- Kva er den faglege grunngjevinga for å leggje ned musikkgjengen?
- I kva grad har foreldre som treng tilbodet, og dei unge som har tilbodet, vorte ivaretatt med dei partsrettar dei har etter gjeldande lovverk?
- Kva alternative tilbod vil dei som er der i dag, få om musikkgjengen vert lagt ned?

Ingrid Fjeldsbø

Høgre